

Årsmelding 2014

Årsmøte vart halde 12. februar 2014 i Runnevang med 31 frammøtte. Fagdelen var ved avtroppande landbrukssjef Jon Egil Vik. Han gav eit godt bilete av kor viktig jordbruket framleis er for kommunen vår med ca. 400 årsverk i næringa, og kanskje 500 til som direkte følgje av jordbruket. Han hadde også tankar om korleis vegen går framover.

I 2014 har det gode samarbeidet med Breim og Jølster halde fram og gitt medlemmene i alle laga tilgang på fleire fagsamlingar. Samarbeidet gjer oss meir synlege i media, og media har vore imøtekommande og vinkla stoffet vårt positivt. I år har vi også samarbeidd med Eid om stort fjøsmøte.

Info til medlemmene går via e-post og heimeside, men det vert også brukt annonse t.d. ved ull-innsamlingane. Vi har formidla info frå fylkeslaget vidare på mail.

I laget vårt var det ved nyttår 54 medlemmer. Det er dei aller fleste sauehaldarane i vårt område.

Det har i arbeidsåret vore halde 3 styremøte og handsama 12 saker. I tillegg har vi hatt telefon- og e-post-kontakt om saker.

Av saker og aktivitetar kan vi nemne:

- På årsmøtet drøfta og vedtok vi uttalar om smittevernsone, jordbruksoppgjjer og fordeling av RMP-midlar.
- Svein Hovstad møtte på årsmøtet i fylkeslaget 28. februar.
- Eid Sau og Geit inviterte 22. mars til storstilt og omfattande fjøsmøte hos Knut Tore Nes Hjelle, Anne Moen og Arve Dahl. Vi reklamerte mellom våre medlemmer og organiserte felles transport. Dei tre fjøsane viste ganske ulike nye løysingar for sauefjøsar, frå den mest teknifiserte til den enkle og rimelege. Svært godt frammøte og interessant!
- Ull-levering har som vanleg vore på utstillingsplassen på Øyrane pluss eit lessepunkt i Hyen. Med god hjelp frå medlemmene har dette stort sett fungert bra, med unnateke problem med kapasiteten på bilen då det skulle lessast i Hyen. Det må vi prøve å rette på i år.
- Kåringa i haust var på Fjordhestgarden laurdag 4. oktober. Det var største kåringssjået i fylket med 121 frammøtte lam. Også i år eit vellukka arrangement!

- Edvard Fjellestad og Anne Britt Henden representerte laget vårt på drøftingsmøte mellom den nye landbruks-sjefen og faglaga. Der kom det mellom anna opp tema som gjerdehald og laushundproblem, tema som har blitt følgde opp vidare.
- 10. november var Gloppen Sau og Geit medarrangør på møte om gjerdeplikt og beiterett på Heradshuset. Her var det samla fagfolk frå jordskifte, lensmann og vegvesen som gav ein svært god gjennomgang av reglar, plikter og muligheter slik dei er i dag.
- Gloppen og Breim SG sende i lag søknad om utvida bandtvang frå 20/8 til 1/11. Utmarksforvaltaren har førebudd ei sak på det med høyringsfrist 15.02.
- 6. november arrangerte vi fagmøte på Mardal skule i samarbeid med Breim. Kvelden hadde to tema:
 1. tema var felles oppdrett av overskotslam ("Lammehotell"). Åse Leirgulen frå Bremanger Sau og Geit fortalde om deira røynsler med eit slikt opplegg. På årsmøtet må vi sjå om det er interesse og mulighet for liknande opplegg hos oss, og om laget vårt i så fall skal engasjere seg i det.
 2. tema var rovdyrproblem og ulvejakt i haust. Vidar Heggheim frå Naustdal fortalde om deira opplevingar i haust. Frå SNO møtte både Rune Holen og Rein Arne Golf og orienterte om SNO sin rolle i slike saker. Alf Erik Røyrvik forklarte om reglar for jakt og ferdsel i verneområdet. Utmarksforvaltar Peter Andresen var også med på møtet.
- Organisering av ulvejakta vart tema for mange interne kontaktar og møte denne hausten. Vi organiserte møte med beitelaga i kommunen på kantina til Mardal Rør. Der vart vi einige om organisering av jaktlag med leiarar og felles jaktleiar for kommunen.
- Vi ytte eit tilskot på 5500 kr til felles utstyrskonto for rovdyrjakt som fylkeslaget har oppretta. Det var eigentleg ei forskotering av stønad frå beitelaga, og det kan bli aktuelt å be dei betale inn att til oss.
- 16. desember vart det skoten ein ulv i Naustdal. Dessverre har det vist seg at det truleg er feire ulvar i fylket.
- På leiarmøte som fylkeslaget arrangerte i Førde 8. november, representerte Svein Hovstad laget vårt.

For styret Kjell Mardal, leiar